

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haalandsdal

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag:

Oppskr. av: Anders Solaas

Gard: Solaas

(adresse): Holdhus

G.nr. 70 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. delvis

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Hjelp av Lars Bergedal, gbr. Haalandsdal

SVAR

1. No er juletre vanlege i vaar bygd.
2. For oml. 65 aar sidan var det ikkje vanlegt. Ein og annan berre hadde juletre daa.
3. Juletre paa fester har det vore fyrst i den seinare tid. Dei siste ca. 20 aar. I kyrkja har aldri vore juletre her.
4. Ein bruka ikkje aa pynta stova med grønt eller farga papir, men me hugsa kruser laga av fine halmstraa, farga papir og traad, Ei enkel av desse kunde hanga ned fraa taket, helst i bestestova. Paa golvet i stova brukte dei før hakka einebar, som dei bar inn julafta.
5. Pynt i stova utanom juletreet har og er ikkje brukt her. Eg undantek daa potteplanter.
6. Juletreea er av ymse storleik, fraa 70 cm. til 1½ m.
7. Juletreet er no pynta med innkjøpte gylte kuler, stjerner, glitter, kulørt papir og ymse anna; men i fyrstninga dei kom i bruk her var nok pyntet meir heimelaga oh einfelt. Ljos var og er brukt paa treet. Fyrr støypte heime av saue-talg., no innkjøpte i ymse fargar.
8. Det var dei største borna, og er det og, som pyntar treet julafta.
9. Dei mindre treea staar paa bord, ein kasse, e.l.; mens dei store staar paa golvet
10. Ljosa vert tende julafta, og seinare i jula til ymse tider, t.d. ein kveld ein vil gaa rundt det.
11. Det er vanleg no iallfall at huslyden gaar rundt treet og syng, helst julesalmar, men i fyrstninga treea kom i bruk her var nok ikkje det brukt aa gaa rundt juletreet.

- 2
12. Juletret staar inne til rundt 20 de dag jul.
 13. Ein seier aa hausta eller aa taka av treet, og det er helst borna som steller med dette. Nokon viss dag for dette har ein nok ikkje.
 14. Som juletre nyttar ein helst furu, delvis og gran.
 15. Ingen her lagar erstatning for juletre. Alle har høve til aa faa naturlege tre.
 16. Nei, ein sette ikkje, og set ikkje opp tre ute.

J u l e h a l m .

1. Det har vore brukt i eldre tid med halm paa golvet, men ikkje no. Naar dette kom or bruk veit me ikkje.
2. Halmen var ikkje bunta saman fraa fyrr, men teken beinast fraa halmstaalet og boren inn.
3. Halmen vart lagd langs eine sida av stova, der det ikkje stod senger, oftast langs framsida av stova.
4. I halmen skulde ungdomane paa garden liggja jule-natta. Dei eldre laag i sengene. Etter fyrste natta ~~NATTAX~~ vart halmen so sundhakka av alt levenet som fylgde med at den var nok ikkje skikka til aa liggja i fleire netter. Me har heller ikkje høyrte om at folk har lege i halmen meir enn fyrste natta. Det er lenge sidan julehalm var i bruk her, og mykje av dei skikkar som knytte seg til denne er kome burt no, trulegvis, soleis vrt det ikkje mykje me kan fortelgja om denne skikken.

4618

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING